

Sommaraktivitetar

Av Øivind Jønsson

Etter eit år med få store samankomstar har mykje retta seg denne sommaren. Kristi himmelfartsdag, 13. mai, var det fellesgudsteneste i Imsland. Folk frå ei rekkje av bygdene i Vindafjord møtte fram og nytte å vera saman i det fine veret. Soknepresten, Hunde, leia gudstenesta på stranda utanfor kyrkja. Etterpå var det kyrkjekaffi og noko underhaldning.

6. juni var det friluftsgudsteneste på Refsnes. Kristian Kyllingstad var no på plass att etter permisjonstida. Speidarane var som vanleg med, og etter sjøve gudstenesta var det opptak av nye speidarar. Mange var med og nytte denne fine sommar dagen, også med grillmat og bålkaffi.

Folk frå Ølen, Bjoa, Vikebygd, Skjold og Vats har samlast til møte på Vikestølen ein gong om sommaren heilt



Friluftsgudsteneste på Refsnes (foto: Steinar Sørhus)

sidan år 1900. 27. juni var det tid for stemnet i år, og heile 70 møtte til to møte. Eit sentralt tema var foredrag ved Inge Halstensen om Hans Nielsen Hauge, sidan vi i år markerer 250 år for hans fødsel.

Også sommarleirar var det mogleg å arrangera i år. På "Vi over 60"-leiren

på Lundeneset i juli var det over hundre påmelde. I tillegg kom også folk frå bygdene omkring til desse møta. På Brandøy Misjons- og konferansesenter fekk dei gjennomført alle dei fire leirane sine for barn og familiar, og 21.–22. august vart det Brandøyhelg. Sjå også side 5 og 6.

Basar ved Imsland kyrkje

Av Marita K. Staurland

Onsdag 21. juli var det duka for basar ved Imsland kyrkje. Soknerådet hadde stelt i stand med kaker og drikke attåt, samt sal av både lodd og årer. Grunna korona og litt annleis forhold, vart ikkje basaren halde på bedehuset slik som alle føregåande år, men arrangementet tok plass utandørs i skinande sol på kyrkja sin parkeringsplass. Her fordelte dei frammøtte seg med utsikt mot fjorden.



Basar ved Imsland kyrkje.

Belgtøttene stod for musikk denne kvelden og fylte parkeringsplassen med livlege trekkspeltonar. Kretssekretær i Indre Sjømannsmisjon, Svein Helge Torsteinbø, heldt andakt, og Morten Brekke stod for trekning. Nokon av dei mindre barna som



Belgtøttene stod for musikken.

hadde møtt opp bidrog gladleg med utdeling av gevinstante. Mange av premiane var heimelaga og donert av bygdefolket, blant anna sokkar og pledd som kom godt med utpå kvelden då sola gjekk ned og temperaturen sank.

Andaktstelefonen
380 91700
Åpent bele døgnet!
Ny andakt tirsdag og fredag
Tjenesten er gratis

Korleis har du det... EIGENTLEG?
Eit menneske å snakke med når livet er som verst
SOS-Chat: www.soschat.no
Kirkens SOS 22 40 00 40
SOS-melding: www.kirkens-sos.no

Neste nummer av Hyrdingen kjem ut 21. oktober.

Frist for levering av stoff: 28. september